



Saksgang

Helse- og sosialutvalet
Bystyret

Møtedato

16.10.2007
23.10.2007

Saksnr

032/07
089/07

Sakshandsamar:

Sverre Jan Indredavik

Arkiv: K1-233, K2-F16

Objekt:

Arkivsaknr

03/264

**HØYRINGSUTTALE - FORSLG TIL STERKARE
RETTIGHETSFESTING AV ORDNINGA MED BRUKARSTYRT
PERSONLEG ASSISTENT.**

Kva saka gjeld:

Høyringsuttale til forslag om sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

Helse og omsorgsdepartementet ber i brev av 29.06.2007, om høyringsuttale til ei sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Forslaget inneber å skjerpe sosialtenestelova slik at alle som fyller vilkåra for å motta praktisk hjelp og opplæring, og som har trong for omfattande tenester får ein lovfesta rett til å få heile eller deler av denne tenesta organisert som BPA. I gjeldane lov er BPA i § 4-2 nemnt som eitt av fleire alternativ for hjelp som vert tildelt søkjarar etter fagleg skjøn.

Det er vidare føreslege at ein brukar som vert innvilga BPA skal ha rett til å avgjere arbeidsgjevarmodell og kven som skal vere assistent.

Føremålet med den føreslegne lovendringa er å oppnå større kommunal likhet med kven som får BPA, større valfridom og brukarmedverknad.

Brukarstyrt personleg assistent er definert som ei alternativ måte å organisere tenesta "praktisk bistand og opplæring" på. Ordninga er meint å setje brukaren betre i stand til å greie seg sjølv og gje mulighet for eit meir aktivt liv. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assistentar som vedkomande har arbeidsgjevaransvaret for.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre vedtek slik høyringsuttale:

Den føreslegne lovendringa reiser både prinsipielle og administrative/økonomiske spørsmål som høyringsnotatet ikkje gjev presise nok avklaringar på.

Eksisterande lovverk knytt til området omsorg og helse er pr i dag omfattande:

Kommunehelsetenestelova, Sosialtenestelova, Pasientrettlova, Helsepersonellova med tilhøyrande føresegnar, for å nemne dei mest sentrale.

Frå ein kommuneståstad er dette lovverket som det er i dag for lite samordna og upresist i forhold til å definere dei ulike lovfesta rettane i omfang og innhold.

Dette skapar eit forventningsgap mellom søkjarar/brukarar av tenestene og kommunen sitt faglege skjøn for tenestetildeling. Lovforslaget om rettighetsfesting av ordning med BPA vil kunne forsterke dette.

Erfaringar frå ordninga i Sverige viser at kommunane si praktisering av lova varierer mykje på grunn av at lovteksten ikkje set presise nok vilkår for personleg assistanse.

Brukarar i kommunen med trong for omfattande tenesteyting vert i hovudsak gjeve med 1-1 personalressurs utan at dette nødvendigvis er tildelt som BPA.

Høyringsnotetat strekar under at kommunen framleis skal ha fridom til å organisere tenestetilbodet, og hovudregelen er at det er kommunen som avgjer kva slags tenester som skal ytast. Såleis vil det uansett måtte føretakast eit skjøn ved tenestetildeling, og ei ytterlegare rettighetsfesting utan klåre vilkår vil ikkje vere føremålsteneleg. Dersom ein ønskjer større likskap i korleis kommunane praktiserer denne ordninga må kriteriane i lovteksten vere langt meir presise og uttømande i forhold til kven som skal ha rett til kva.

Når det gjeld omsynet til brukarstyring er dette tilstrekkeleg godt ivareteke innafor eksisterande lover og føresegner på området; jfr ovanfor) Kvalitetsforskrifta og ordninga med Individuell plan. Omsorgstenestene i kommunen vert tildelt etter individuelle funksjonskartleggingar og pleiefaglege vurderingar i samråd med brukar og evt pårørande. I tillegg kan brukarar få utarbeidd ein såkalla individuell plan, og i nokre tilfelle ha krav på slik plan.

Det er kommunen sitt syn at eksisterande lovverk med tilhøyrande føresegner innafor området helse og omsorg er tilstrekkeleg for å sikre både naudsynte tenester og brukarmedverknad og brukarstyring.

Lovendringa legg opp til at brukaren sjølv skal kunne velje arbeidsgjevarmodell ved at: assistenten skal kunne vere tilsett i kommunen, b) brukaren kjøper private aktørar i marknaden eller c) brukaren sjølv står som arbeidsgjevar.

Finland set som vilkår at funksjonshemma sjølv skal vere i stand til å definere behov og ivareta arbeidsgioverrolla. Funksjonshemma som ikkje er i stand til å administrere arbeidsgjevaransvaret sjølv må få andre tjenester / reine kommunale tenester. (Danmark).

Det må i alle høve ikkje vere slik at brukarar som ikkje er i stand til å vere arbeidsleiar sjølv fritt skal kunne velge modell.

Uansett alternativ vil det til sist vere kommunen sitt ansvar å ivareta og å sikre arbeidsrettslege og praktiske tilhøve, kvalitet og finansiering. Difor må arbeidsgjevaransvaret og arbeidsleiaransvaret henge saman ved at anten er det kommunen sitt fulle og heile ansvar, eller så må brukaren sjølv ta dette fullt ut. Ei deling av arbeidsgjevaransvaret vil vere formelt uforsvarleg, upraktisk og arbeidskrevande å administrere.

Utanom eit stimuleringstilskot til opplæring av brukar som arbeidsleiar og assistent, er ordninga føresett å vere finansiert over kommunen sine frie inntekter.

Ei lovfesting av rett til å kreve BPA vil kunne medføre mindre fleksibilitet i fordelinga av dei samla kommunale ressursane til omsorgssektoren. Muligheten for å prioritere mellom ulike tenestemottakarar vert redusert ved at ressursane i større grad vert bundne opp til einskildbrukarar av BPA.

Kommunen sluttar seg elles til Helse-og omsorgsdepartemenet sine vurderingar om at den føreslegne endringa vil kunne medføre ei viss auke av utgifter for ein del kommunar.

Etter ei samla vurdering er det Flora kommune sitt syn at eksisterande lovverk i tilstrekkeleg grad ivaretek brukarane sine rettskrav, og vil difor ikkje gå inn for den føreslegne endringa i Sosialtenestelova.